



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 19.02.2019  
Vår ref.: 2019/1494-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## **Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om godkjenning av plan for nydyrking – gnr. 106 bnr. 5 - Fanebust - Lindås**

Me viser til brev datert 28.01.19 med vedlegg. Søknaden gjeld plan om nydyrking på Fanebust gnr. 106, bnr. 5 i Lindås kommune.

Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren, har no handsama søknad om nydyrking i samsvar med forskrift for fagleg ansvarsdeling mv. etter Kulturminnelova, sist endra 20.12.04.

I fylgje våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne, som t.d. SEFRAK registrerte bygningar, tufter o.l. som planen vil komma i konflikt med. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar av trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verte utført så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*